



Referat
Bygdarådsmøte
Tirsdag 27. september 2022
Kl 19.00

Til stades: Oddvar Skiftun, Johan Hjorteland, Jostein Hjorteland, Lars Reidar Nesvik og Solveig Bog

Sakliste:

Sak 1. Gjennomgang av referat

- Førre referat blei gjennomgått. Ingen merknader

Sak 2. Meldingar/orienteringssaker

- Oddvar informerte om eit møte med Smashing-komiteen. Dei planlegg å ha nytt arrangement neste år
- Det skal arrangerast pub den 29.oktober. Smashing-gjengen står for arrangementet.
- Solveig informerte om eit møte ho var på i regi av Hjelmeland kommune om korleis ein kan søke om støtte frå ulike organisasjonar/kommunen
- Me har fått spørsmål om me ønsker å søke om fleire gonglemmar, men me avventar dette i denne omgang

Sak 3. Leikeapparat

- Bygdarådet vedtok å kjøpe inn ei ny vippe til leikeplassen. Dette har me fått midler til. Me vil sjå om det blir nok midler igjen til å kjøpe inn enda eit apparat.

Sak 4. TV- aksjonen

- Det blir TV-aksjon 23. oktober.
- Oddvar, Jostein og Johan stiller som bøssebærar fra bygdarådet

Sak 5. Betalingsterminal

- Etter ønske fra Smashing-komiteen vedtok bygdarådet å bestille inn eit betalingssystem som heiter Zettle.
- I første omgang bestiller me inn ein enhet for å sjå om det fungerer, men kan seinare bestille fleire

Sak 6. Avløpssak

- Bygdarådet ønsker å undersøke kvifor det nå blir større omkostningar for oss på Jøsneset ved utbygging eller utbetring av eksisterande vatn- og avløpsanlegg

Diverse:

- Internettet i Trivselsstova er ikkje så godt. Skal sjå på om det går an å kjøpe inn ein forsterkar
- Låsen i døra inn til gymsalen (frå gangen) virker ikkje. Johan skal sjå på dette.
- Me har fått installert 3 varmepumper (2 i gymsalen og 1 i Grendahus-delen). Dei tre fjernkontrollane må hengast opp på ein høveleg stad
- Kontoret har framleis ledig kapasitet, Solveig skal annonsere dette på nettsida
- Det blir hyttefrukost i regi av Hjelmeland Naturlegvis den 15. oktober. Bygdarådet skal bistå med dette arrangementet.

Møtet var slutt ca 21.10

Solveig Bog,
sekretær